



06.10.04

SOULALBUM PÅ NORSK!

BokkeReidars Blues Band er no ute med sitt første norskalbum. Albumet er ei blanding av soul og rythm'n blues, og inneheld 14 flotte låtar som bør nå ut til eit breidt publikum. Bandmedlemmene Svein Hunnes og André Folkestad har skreve tekstane på plata *En Time Til*, som inneheld både coverlåtar og eige stoff.

Dette er det tredje albumet til bandet, der dei to første var på engelsk.

- Det tok litt tid før vi skjønnte at det var mogleg å synge soul på sunnmørsdialekt. Men når det først gjekk opp for oss at dette kunne bli ganske kult, starta vi jobbinga med plata, seier trombonist i bandet André Folkestad.

BokkeReidars Blues Band har base i sunnmørsbygda Volda, sjølv om fleire av bandmedlemmene til dagleg bur rundt omkring i det ganske land. Bandet har over 20 års fartstid som hardtsvingande liveband, og har vore å høyre blant anna under mange av dei store jazzfestivalane her i landet.

Platesleppet blir markert med utekonsert i Volda laurdag 9. oktober, før bandet sett kursen mot Lillehammer og DølaJazz. BokkeReidars Blues Band avsluttar Supernatta laurdag 16. oktober under DølaJazz med konsert saman med den amerikanske gitaristen Mike Gallaher.

En Time Til er spelt inn i Aasen-tunet i Ørsta i samarbeid med Nynorsk kultursentrum, og Yngve Sætre (produsent for Morten Abel, Ephemera m.m.) har hatt ansvaret for lydmixen. Plata kjem ut på selskapet Sonor Records.

BokkeReidars Blues Band er:

Gunnar Solheim (vokal), Klaus Blø (gitar), Magne Slettevoll (orgel/piano), Svein Hunnes (bass), Terje Hanssen (trommer), Ivar Kvangardsnes (trompet), Trond Johnsen (sax) og André Folkestad (trombone).

For ytterlegare informasjon:

André Folkestad (andre.folkestad@p4.no), tlf. 90 75 64 89
Ivar Kvangardsnes (ivar.kvangardsnes@inaq.no), tlf 91 68 92 95
www.bokkereidars.com